

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Hundsåna kraftverk i Askvoll kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og samtaler med lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Hundsåna kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Etter det vi kjenner til, er det lite friluftsliv i utbyggingsområdet. Den bruken som er, er truleg hovudsakleg heilt lokal. Området er lett tilgjengeleg via sti opp til Heilevangsstølen lengst aust i nedslagsfeltet, sjå kart, og det er også enkel tilkomst frå Hestvika vest for nedslagsfeltet, sjølv om stien ikkje er merka av på kartet.

Størst verdi for friluftslivet har den veldig fine fossen ned mot fjorden. Den er viktig i landskapet, og synleg frå store område. Helgøyna kloss ved, er eit lokalt viktig friluftsområde, og det er også viktige friluftsområde på motsett side av Førdefjorden. Fossar i fjordlandskap har stor verdi!

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne i intervallet mellom maksimum 300,9% og minimum 14,2% er ei heilt uvanleg høg vassutnytting. Kombinert med ei minstevassføring heile året på berre 20 l/s, blir dette fullstendig uakseptabelt. For flaumdemping ser vi at ei høgste slukevne på 300% vil vere ein fordel. Men med ei så stor maksimal slukevne, må minstevassføringa om sommaren vere ekstraordinært høg, slik at den fine fossen framleis vert eit landskapselement som har ein viss verdi.

2.2.1 Hydrologi og tilsig: I konsesjonssøknaden er Blåfonna omtala som ”oversomrig snø”. Dette er fullstendig feil. **Blåfonna er ein ekte bre**, med blåis i rørsle, likevektlinje og det heile. Alt som kjenneteiknar ein bre. Sjølv om breen ikkje er så stor, har den stor verknad i det vesle nedslagsfeltet som Hundsåna har. **Vi vil seie det så sterkt som at hydrologiopplysningane i konsesjonssøknaden langt på veg er ubrukelege fordi ein ikkje har teke omsyn til brefeltet!** Så vidt vi veit har verken Nysnaelv eller Ullebøelv brefelt. Brefeltet sikrar ei høg avrenning heile sommaren, spesielt i varme og tørre periodar i juli og august. Den 5-persentil sommar som er utrekna, er altfor låg. Vi oppmodar NVE sterkt om enten å gjere eigne vurderingar ved å samanlikne med observasjonar frå andre og meir representative vassmerke enn Nysnaelv/Ullebøelv, eller å krevje at utbyggaren sjølv finn fram til andre og meir eigna vassmerke. Sjølv vi ”hydrologiamatørane” ser at dette er feil!



2.2.2 Inntak, reguleringsmagasin og overføring: Planane for dette verkar for oss gjennomtenkte, og vi har ikkje spesielle merknader. Men dette kan NVE sine fagfolk vurdere mykje betre enn vi!

2.2.3 Vassveg: Vi har ikkje spesielle merknader. Bruk av boretunnel er positivt!

2.2.4 Kraftstasjonen: Heller ikkje her har vi spesielle merknader.

2.2.5 Vegbygging: Ingen merknader.

2.2.6 Nettilknytning: Bruk av kabel fram til eksisterande 22 kV-linje er positivt.

2.2.7 Massetak og deponi: Her reknar vi med at NVE både no og i samband med godkjenning av detaljplanen, grunneigarane og kommunen ser til at det blir brukt gode løysingar.

2.6 Alternative utbyggingsløyser: Dette vurderer NVE mykje betre enn det vi kan.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.1 Hydrologi: Vi har alt peika på at hydrologiopplysningane i konsesjonssøknaden bygger på feil grunnlag, fordi det ikkje er teke omsyn til breen i nedslagsfeltet. Om ein ser på Figur 10 på side 24 i konsesjonssøknaden (middels fuktig år), så ser ein at det i nesten heile juli og første halvdel av august er rekna med svært låge vassføringar. **Det er/blir ikkje slik!** Avsmeltinga frå breen Blåfonna gir/vil gje betydeleg høgare avrenning, spesielt når det er varmt vær. Men slukevna i kraftstasjonen er så stor, at det truleg berre unntaksvis vil renne meir enn minstevassføring og litt til, i fossen

3.5 Biologisk mangfald og 3.7 Flora og fauna: Vi har ikkje vurdert dette i denne saka, og reknar med at NVE og andre høyringsinstansar gjer det.

3.8 Landskap og INON: Vi vil her peike på at fossen ned mot fjorden er eit veldig viktig landskaps-element! Den omsøkte minstevassføringa på berre 20 l/s, kombinert med den høge slukevna, vil i praksis "utradere" fossen bortsett frå på dagar med ganske stor flaum. For ein foss i fjordlandskap er ikkje dette akseptabelt om sommaren. Då må det sleppast ei minstevassføring som er så pass stor at fossen viser att i landskapet. **Om sommaren må minstevassføringa vere minimum 200 - 250 l/s!** Då vil fossen – håpar vi – framleis verte eit element som viser litt att i landskapet, sjølv om den vert kraftig redusert samanlikna med slik den er i dag. For at ei slik minstevassføring ikkje skal bli altfor negativ for kraftproduksjonen, kan ein eventuelt "redusere sommaren" med ein månad til å vare i perioden 16.05 – 15.09.

3.12 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

4 Avbøtande tiltak: Vi viser til det vi har skrive om høgare minstevassføring om sommaren.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Hundsåna kraftverk er i klår konflikt med friluftssinteressene på Helgøyna, på fjorden og på motsett side av fjorden. Den er også i stor konflikt med Landskap. På den andre sida vil utbygginga til ei viss grad vere positiv for å redusere spesielt mellomstore flaumar. Med den uttrykkelege føresetnaden at det vert slept ei stor minstevassføring om sommaren (og det vil ikkje påverke flaumane noko som helst,) finn vi – trass i konfliktane – at ei utbygging er akseptabel.



Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

